



# Den vesle leirklumpen

av Diana Engel

**H**øgt oppe i eit gammalt tårn var det ein verkstad. Det var ein keramikkverkstad som var full av tønner med fargerike glasurar, dreiestolar, omnar og sjølvsgt leire. Like ved vindaugget sto ein stor trebinge med eit tungt lokk oppå. Det var der leira blei lagra. Heilt nede ved botnen, klemt inn i eit hjørne, låg den eldste leirklumpen. Han kunne så vidt hugse siste gongen nokon hadde halde han i handa, for lenge sidan. Kvar dag blei det tunge lokket opna. Hender blei strekte inn, og tok raskt med seg posar eller kuler av leire. Den vesle leirklumpen kunne høyre dei muntre lydane av folk som var travelt opptekne med arbeidet sitt.

«Kva tid blir det min tur?» undrast han. Den vesle leirklumpen blei stadig meir vonlaus etter kvart som dagane gjekk nede i den mørke bingen.

Ein dag kom det ei stor gruppe barn til verkstaden saman med læraren sin. Mange hender strekte seg inn i bingen. Den vesle leirklumpen var den siste som blei valt, men nå var han ute!

«Nå har eg sjansen!» tenkte han, og plirte mot sollyset. Ein gut sette leira på dreieskiva, og snurra ho så fort han kunne.

«Dette er gøy!» tenkte den vesle leirklumpen. Guten freista dra leira opp medan dreieskiva snurra rundt. Den vesle leirklumpen syntest det var spennande å *skulle bli til noko!* Etter å ha freista lage ein bolle, gav guten opp. Han knadde og banka leira til ein rund ball.

«Det er på tide å rydde», sa læraren. Verkstaden var full av lydar frå born som skrubba og gnikka, vaska og tørka. Over alt draup det vatn.

Guten slapp leirklumpen ned ved vindaugget, og skunda seg for å nå att venene sine. Like etter var verkstaden tom. Rommet var stilt og mørkt. Den vesle leirklumpen var vettskremd. Ikkje berre sakna han den fuktige bingen, men han visste at han var i fare.

«Alt er over», tenkte han. «Eg kjem berre til å sitje her og tørke ut til eg er hard som stein.»



Han sat ved det opne vindauguet utan å kunne røre seg, medan han kjende korleis fukta seiv ut or han. Sollyset sto rett på, og nattbrisen kom blåsande, heilt til leirklumpen var hard som stein. Han var så hard at han knapt kunne tenkje. Han visste berre at han var full av vonløyse.

Men ein stad djupt inne i den vesle leirklumpen var det att ein liten fuktdråpe, som han nekta sleppe ut.

«Regn,» tenkte han.

«Vatn,» sukka han.

«Ver så snill,» fekk han endeleg klemt ut or den tørre og fortvila kroppen.

Ei sky som dreiv forbi, tykte synd om den vesle leirklumpen, og noko forunderleg hende. Kjempstore regndråpar hamra gjennom det opne vindauguet, og råka den

vesle leirklumpen. Heile natta regna det, og då morgonen kom, var han like mjuk som før.

Lyden av røyster kom drivande inn i verkstaden.

«Å nei,» sa ei kvinne. Ho var keramikar, og brukte verkstaden ofte. «Nokon har lete vindauguet stå ope heile helga! Nå er det sikkert mykje å tørke opp. Du får leike med litt leire medan eg finn fram klutar,» sa ho til dottera.

Den vesle jenta såg leirklumpen ved vindauguet.

«Denne ser ut som ein perfekt klump for meg,» sa ho.

Snart var ho i gang med å klemme og kna leira til fine former. Fingrane til den vesle jenta kjendes vedunderlege for den vesle leirklumpen.

Den vesle jenta tenkte medan ho arbeidde, og ho bruka hendene målbevisst. Den vesle leirklumpen kjende at han blei varsamt forma til ein rund, hol figur. Berre nokre få knip, så hadde han ein hank.



«Mor, mor!» ropte jenta. «Eg har laga ein kopp!»

«Det er bra!» sa mora hennar. «Set han på hylla, så skal vi brenne han i omnen. Etterpå kan du glassere han i kva farge du vil.»

Snart var den vesle koppen ferdig til å få vere med til den nye heimen sin. Nå bur han på ei kjøkkenhylle saman med andre koppar, tefat og krus. Alle er dei ulike, og nokre er svært vakre.

«Frukost!» ropar mora, medan ho set den nye koppen på bordet, og heller varm sjokolade i han.

Den vesle jenta held han varsamt. Kor lukkeleg han kjenner seg med si nye form og mjuke liner. Kor godt han gjer jobben sin!

Den vesle koppen er stolt. «Endeleg - endeleg er eg blitt til noko.»



## Spørsmål Den vesle leirklumpen

1. Ordne setningane nedanfor i same rekkjefølgje som hendingane skjer i forteljinga. Nummer 1 er alt på plass.

- Regnet gjorde leirklumpen fuktig og mjuk.
- Guten freista forme leirklumpen til ein bolle.
- Ei jente forma leirklumpen til ein kopp.
- Leirklumpen tørka ut.
- 1 Leirklumpen låg i bingen.

2. Kvifor var leirklumpen så lenge i bingen?



---


---

3. I byrjinga av forteljinga, kva var det leirklumpen ynskte seg?



---

---



4. Kvifor blei leirklumpen endeleg teken ut or bingen?
- (A) Alle dei andre leirklumpane var brukte
  - (B) Han låg oppå alle dei andre leirklumpane
  - (C) Guten valde den klumpen fordi han likte han spesielt godt
  - (D) Læraren bad guten bruke den klumpen

5. Kva gjorde guten som var tankelaust?
- (A) Han let leirklumpen liggje på dreieskiva
  - (B) Han snurra dreieskiva så fort han kunne
  - (C) Han la leirklumpen ved vindaugget
  - (D) Han knadde og hamra på leira

6. Guten lét leira liggje igjen i ein farleg situasjon. Kva var farleg?



---

---



7. Korleis kjende leirklumpen seg rett etter at guten gjekk frå keramikkkverkstaden?

(A) tilfreds

(B) redd

(C) sint

(D) stolt

8. Kva for framifrå hending fann stad etter at leirklumpen hadde lege ved vindaugget i lang tid? Kvifor var dette så bra for leirklumpen?



---

---

---

---



9. Kva ord i forteljinga viser at den vesle jenta visste kva ho ville lage?

- A “fingrane hennar kjendes vedunderlege”
- B “Den vesle jenta såg leirklumpen”
- C “Den vesle jenta heldt han varsamt”
- D “ho bruka hendene målbevisst”

10. Skildre dei ulike kjenslene leira hadde i byrjinga og slutten av forteljinga. Forklar kvifor kjenslene hans hadde endra seg.



---

---


---

---

---

---

---





11. Den vesle jenta er ein viktig person i denne forteljinga. Forklar kvifor ho var viktig for det som hende.



---

---

---


---

12. Forfattaren av forteljinga skriv om leirklumpen som om han var ein person. Kva er det forfattaren vil at du skal tenkje deg?

- (A) korleis det kjennest å vera i regnet
- (B) korleis ein leirklump føler seg
- (C) korleis det kjennest å arbeide med leire
- (D) korleis det kjennest å laga noko

13. Kva er **hovudbodskapen** i denne forteljinga?

- (A) Menneska er like lette å forme som leire
- (B) Det er mykje ulukke i verda
- (C) Alle ting er mest lukkelege når dei er til nytte
- (D) Å lage keramikk er den beste måten å gjere gode gjerningar på her i verda





# Stopp

Slutt på denne delen av heftet.  
Du skal slutte av arbeidet nå.

*The Little Lump of Clay*, av Diana Engel, utgitt av William Morrow Co. Inc., New York, 1989. Alt er gjort for å finne fram til den som eig copyright til dette arbeidet.